



pro *aktiv*

Noreg - Tyskland.
Meir side 2.

Trafikktryggleik.
Meir side 3.

Kurs og kompetanse
Meir side 4.

Kunnskaps løftet

Frå og med hausten 2006 vert det sett i verk ei ny reform, "Kunnskapsløftet". I samband med reforma vil omlag alle fag vi rekrutterer til, bli lagt inn i eit felles vg 1 og vg 2 "løp" i skulen. Faget blir kalla teknikk og industriell produksjon. Vi er uroleg for at den nye reforma skal gjere industrifaga lite synlege og marginalisert.

Program for rekruttering
Næringslivet i Sogn og Fjordane får i år 94 mill. kroner frå staten som kompensasjon for den auka arbeidsgjevaravgifta som kom i 2004. Det er næringslivet sjølv som avgjer korleis desse pengane skal disponerast. Av midlane er 1 mill. kr sett av til eit program med mål om å auke rekruttering til industifaga. Prosjektet er kalla Kunnskaps containeren, og skal sette fokus på teknologi og realfag.

Tryggleik for barn og unge
Av tryggingmessige grunnar kan ein ikkje ta barn og unge inn i industribedriftene å gi dei eit realistisk bilde av fagutdanningane i industrien.



Prosjektmedarbeider Kunnskaps containeren, Erlend Hatleberg

Løysinga blir eit transportabelt undervisningsrom (containeren), der vi på ein praktisk måte kan gi eit pedagogisk tilbud.

Kunnskaps containeren
Containeren skal utstyrt med eit prosessanlegg med styrings- og reguleringsløyfer og ein mekanisk verkstad, som inngår i den praktiske delen. Elevane gjennomgår mål i læreplanen, får praksis og kjennskap til minst tre fagutdanningar i industri.

Fordjupning industrifag
Kunnskaps containeren er også eit program i fordjupning for elevar som ikkje får tilbud om våre industrifag ved sin skule. Containeren skal også nyttast i utdanninga av vaksne, som tek fagbrev som praksiskandidatar.

Marknadsføring
På vegne av eigarbedriftene og PRO skal Kunnskaps containeren brukast som stand på utdanningsmesser m.m.

PRO i 3 fylker

Nytt er PRO sitt opplæringskontor for prosess industri i Møre og Romsdal og Trøndelag. I desse fylkene rekrutterer Lars Arve Larsen lærlinger til prosessindustrien.

Selv om kontoret er nytt, har allerede flere bedrifter i området knyttet seg til kontoret.

Det er en fordel å være etablert i eit større geografisk område. Prosessbedrifter fra

aluminium til papir viser at prosessfaget gir valgmuligheter i fremtidig industri.

Lærlingene i Trøndelag jobber både innenfor kjemisk- og metallurgisk prosessindustri.

 **Elkem**
Bremanger

EWOS

 **FUNDO**
WHEELS

 **FESIL**
Holla Metall

 **HAVYARD**

 **HYDRO**

 **INC** **VEDLIKEHOLD**
SVELGEN AS

 **ITM**
I.O.S Tubular Management

 **ISS** **FACILITY SERVICES**
INDUSTRI

 **Mekanico**

 **KLAUSEN**
Industrier Svelgen AS

 **Orkla Exolon**

 **PETERSON**

 **VIK VERK A.S.**

 **WIS**

 **WISS**

www.pro.sf.no

Noreg - Tyskland

Av Alexander Lang. BASF

In 1996 we started to cooperate with the Vestfold Fylkeskommune in Tønsberg regarding the exchange of apprentices in the chemical and technical industrie. It started with the small number of 3 students in the first two years. In 1998 I got in charge of the program and I expanded the number of participating students to 10 until 2000 and we widened the professions to process, technical and clerk students.

Expansion to the west

In January 2000 I met Jorunn Kirketeig on a internationalisation congress in Sandefjord and that was the start of the expansion to the west of Norway. Jorunn did send in spring 2000 the first students from Sogn og Fjordane and received the first students of BASF in autumn the same year.

24 + 24 students a year

Then bit by bit other facilities joined the partnership like Årdal videregående and Laksevåg videregående skule so that today we receive approx. 24 students a year from Norway and we send approx. 24 students to our partners in Norway.



Mars 2006. Alle dei norske lærlingane i utvekslingsprogrammet samla framfor berømte slottsruinar i Heidelberg i Tyskland.

BASF training department

The norwegian students work in the BASF training department while they are at BASF. Here they discover the practical teaching of german students during their vocational training at BASF in various professions. They take part in cultural excursions at the weekends and of course they discover the spare time life of a big city during the 4 weeks they stay in Germany. They live in the BASF student home and have to organise the normal things of living (food, washing, etc.) by themselves.

Host families

The students from BASF visit the partner companies and

partner schools and join there the training and working life of a norwegian student. The most of them stay at host families to explore the norwegian way of living. Some others live in student homes or get an apartment for themselves. They also take part in cultural excursions and organise the spare time together with norwegian students.

English is the language

The communication language at work is English. So both parties can improve their language competences in the world language English, at work and in the spare time.

Fagkunnskap som konkurransekraft

Styreleiar PRO: Morten Vik, Elkem

Elkem har over 2.800 tilsette i Europa, Asia, Nord- og Sør Amerika. Drifta i Elkem baserer seg på ei overtyding om at minst 70% av eigen suksess har med menneske å gjere og kun 30% med anlegg og utstyr. Difor nyttar Elkem betydelege ressursar på å utvikle ein sunn bedriftskultur og ei kompetent arbeidskraft.

Skal ein klare å skaffe nok kompetent arbeidskraft må industrien samarbeide. Verktøyet som industrien har etablert er opplæringskontora. Gjennom desse kan ein i fellesskap rekruttere breidt til alle fag i industrien og samstundes sikre høg kvalitet på den praktiske utdanninga i bedriftene.

Tilgang på og høgt kvalifiserte fag folk vil være norsk industri sitt konkurransefortrinn i framtida.



UTGJEVAR:

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri.

FORMÅL:

Denne informasjonen er tilrettelagt for medlemsbedriftene og andre som direkte eller indirekte er involvert i PRO sitt arbeid.

PRO ønsker å være best på utdanning av fagarbeidarar i "våre" fag spesielt og generelt. PRO skal rekruttere lærlingar til medlemsbedriftene i tråd med bedriftene sine behov for fagarbeidarar, i samsvar med bedriftene sine strategiar. PRO skal være eit fleksibelt opplæringskontor i kontinuerleg utvikling for å tilpasse seg bedriftene sine behov.

ADRESSE:

Concordbygget
Firdavegen 6
Postboks 492
6801 Førde
Telefon: (+47)57 83 22 60
Telefax: (+47)57 83 22 45
www.pro.sf.no

ANSVARLEG REDAKTØR:

Jorunn Eide Kirketeig
dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no
Mob. (+47) 911 44 966

REPORTASJE OG FOTO:

Margunn Masdal, eko

PRO:

Jorunn Eide Kirketeig
dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no
Mob. (+47) 911 44 966

Lars Arve Larsen, prosjektleiar
lars.arve.larsen@pro.sf.no
Mob. (+47) 95 42 39 90

Erlend Hatleberg,
prosjektmedarbeider
erlend.hatleberg@pro.sf.no
Mob. (+47) 97 52 86 33

Wenche Tollefsen,
administrasjonssekretær
wenche.tollefsen@pro.sf.no
Mob. (+47) 92 42 37 82

GRAFISK PRODUKSJON:

Eko-Trykk AS
Postboks 134, 6801 Førde
post@ekotrykk.no

Tryggleik utanfor jobben

Lærlingane våre er vant til å forhalde seg til høge sikringstiltak i det daglege arbeidet, men det er ingen automatikk i at dei tenkjer slik i trafikken.

For å sette fokus på trafikktryggleik utarbeidde PRO eit program retta mot lærlingane. Målet er å skape gode haldningar i trafikken gjennom "learning by doing".

Tommy Rustad

PRO inviterte til ei helg med fart og moro under kyndig rettleiing av rally kjørar Tommy Rustad. Deltakarane fekk kjøre Go carte, lære om korleis fart og friksjon påverkar kjøringa, ulike testar som "promillebrille" og rundvelt med testbil m.m. I tillegg var NAF, Biltilsynet og Gjensidige forsikring med på teorisida.



Vidareføring av prosjektet

Helgesamlinga fikk så gode tilbakemeldingar at ein no vil utvikle eit standard pedagogisk opplegg for trafikktryggleik, etter modell frå PRO. Prosjektet blir støtta økonomisk av Trafikktryggleiksutvalet.

Tommy Rustad saman med dei omlag 30 deltakarane.



113 timar Programfag til val i ungdomsteget

Det med glede vi kan fortelle at "Matte, leik og lær" blir ført vidare som prosjektet i full bredde. Vi vil etter all sansynlegheit kople "Matte, leik og lær" saman med trailaren vår. Vi jobbar vidare i lag med NHO, høgskulen, grunnskular og eit bedriftsnettverk.

Prosjektet går ut på å utvikle eit eller fleire undervisningsopplegg med læringsmåla i grunnskulen som utgangspunkt. Undervisningsopplegga skal medverke til å auke interessa for real- og naturfaga.

Meir om "Matte, leik og lær" finn du i eige hefte.

Kvar vart dei av

Reidun Johansen kom til Elkem Bremanger (BS) i Svelgen som lærling i 2000. Kjennskap til bedrifta fekk ho som utvekslingselev gjennom partnerskapsavtalen som PRO har med Stavanger maritime vidaregåande skule. I 2002 tok ho fagbrev i Kjemi og prosessfag, og inn mellom dette, var ho utveklingslærling i Tyskland hos BASF.



Reidun Johansen

I dag er Reidun student ved Høgskulen i Bergen på studieretning kjemiteknikk/prosess. Eit treårig studium der ho dette året held på med hovudprosjekt knytt til Clarant Oil Services. Tittelen er "Fokkulant til oljeprosessar - Produktoptimalisering". Ferdig utdanna vil ho være Kjemi ingeniør.

Om læretida på avdeling Silgrain i BS har ho berre positive erfaringar med. Her fann ho eit godt arbeids- og

læringsmiljø. Reidun gir også Svelgen honnør for å være ein kjekk plass å bu. Under studietida har ho fleire gonger vore attende som ferievikar. På denne måten har ho finansiert deler av studia.

"Markedet skriker etter prosess ingeniører nå for tiden" seier Reidun og meiner det er gode sjansar for å få jobb etter eksamen.

Formidling av informasjon via papir er ikkje heilt ute. Web og epost har gjort fantastiske ting med måten vi kommuniserer på, likevel - ordet på papir er raskt og effektivt. "PRO aktiv" er såleis ein konsekvens av dette, og vi vonar at her er lesestoff for nokon og ein kvar.

Intellektuell kapital er både ei oppgåve og eit mål. Norsk industri har behov for arbeidskraft med høg fagkompetanse og denne kompetansen vil være eit konkurransefortrinn både nasjonalt og globalt. Eit godt og framtidretta rekrutterings- og opplæringsarbeid industri-

verksemdene i fellesskap, vil sikre tilgang til slik arbeidskraft også i distrika. Den intellektuelle kapitalen blir såleis ein bærebjelke for utvikling og konkurransekraft hos oss alle.



Jorunn Eide Kirketeig
dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no

"Ingen er vi like, alle er unike alle har sin eigenverdi, slik er det meint at ein ikkje er tent med å være ein annans kopi"
ukjent forfatter

Fagleg leiar



Elkem - BS Svelgen og INC Svelgen har fått lærlingar gjennom PRO i 8 år. Her får omlag 3 lærlingar lærekontrakt kvart år. Fleire av lærlingane har halde fram med utdanninga si på tekniske fagskular og ingeniørstudium, nokre har fått jobb vidare i både INC og Elkem. Fagleg leiar i INC Svelgen er

Per Åge Bueie. Per Åge har fagbrev som industrimekanikar, og er i dag tilsett som HMS ansvarleg.

Fagleg leiar skal først og fremst sikre at opplæringa som blir gitt er i høve til opplæringsplanar, og ha regelmessig fagleg kontakt med lærlingane formelt og uformelt. Lærlingane er i tillegg knytt opp til ein instruktør.

På den faglege sida har Per Åge ansvar for å gi opplæring i m.a. sikkerheit, brannvern og bedriftskunnskap. Her får lærlingane kjennskap til den politikken som gjeld i verksemda og dei faglege standardane som gjeld.

Fagleg leiar er bindeleddet mellom PRO og lærlingane, og aktivitetane der. Eigna husvære for lærlingane blir

organisert gjennom fagleg leiar og han har også eit ansvar for at lærlingne finn seg til rette i bygda, gjennom deltaking i idrettslag, eller andre lag og organisasjonar.

Det fleire grunnar til at INC rekrutterer lærlingar gjennom PRO. Spesielt vil han trekke fram den pedagogiske og faglege oppfølginga av lærling. Rekruteringsarbeidet gjennom PRO gir oss eit breitt utval av kandidatar å vurdere. Noko som gjer det lettare for dei å finne den rette lærling- en for verksemda.

Oppfølginga av lærlingane sosialt er også viktig i følge Per Åge. Det at lærlingane har eit sosialt nettverk å forhalde seg til, gir lærlingane gode kontaktar, ei meningsfull fritid og samhald seg i mellom.

Kurs

Hydro Aluminium Årdal og Elkem Bremanger satser på kompetanseheving av sine tilsette.

PRO-opplæringskontoret arrangerer teorikurs for dei som vil ta fagbrev og som ikkje har gjennomgått vidaregåande skule. Kravet er 60 mnd. praksis i eit yrke/fag der ein kan gå opp til fagbrev

og ein teorieksamen. PRO starta i slutten av januar 2006 teorikurs for kjemiske prosessfag. Både Hydro i Årdal og Elkem Bremanger har valt å koste på sine tilsette opplæring for å heve kompetansen i bedrifta, og for å vise at dei satser på eigne tilsette. Kurset er lagt opp over 3 semester med ein kombinasjon av samlingar og video/nett undervisning. Eksamen er våren 2007. Totalt går 15 personar på dette kurset.

Teorikurs kjemiprosess

Etter at PRO starta å arrangere teorikurs i kjemiprosess for sine medlemsbedrifter i 2001, har 75 personar gått gjennom kurset og teke fagbrev. Bedriftene har utdanna instruktørar i kran, lift, truck og varmtarbeid. Desse skal gjennomføre kursa for lærlingane våre og andre tilsette. Dette er ei satsing som vi vil halde fram med, og på sikt byggje ut kurstilboda våre i samsvar med bedriftene sine behov.

KURS VÅREN 2006

Kommande kurs	Dato:	Stad:	Instruktør:
Truck:	24.04.06 – 27.04.06	Førde	Dag Fjeldsbø
	08.05.06 – 10.05.06	Høyanger	Dag Fjeldsbø
	29.05.06 – 31.05.06	Bremanger	Dag Fjeldsbø
	12.06.06 – 14.06.06	Årdal	Dag Fjeldsbø
Varmt arbeid:	28.04.06	Førde	Per-Åge Bueie
	11.05.06	Høyanger	Per-Åge Bueie
	01.06.06	Bremanger	Per-Åge Bueie
	15.06.06	Årdal	Per-Åge Bueie

Bli kjent med



Kjetil

Kjetil Nistad frå Sande i Gaular er industrimekanikar lærling hos INC Svelgen. 18 åringen har vore lærling eit halvt år og bur for seg sjølv på hybel.

Det var skulen som sette han i kontakt med PRO og valet må ha vore vellukka. På halvtårsvurderinga har Kjetil berre fått gode tilbagemeldingar, eit godt utgangspunkt for ein som opplever læretida som meningsfull.

Interessen for mekanisk arbeid er ikkje heilt tilfeldig sidan han kjem frå ein familie med tradisjonar med bil og transport. Kjetil er også aktiv på fritida og deltek gjerne på PRO sine arrangement. Og for tur står skihelg i Hemsedal saman med dei andre lærlingane i PRO.

